



Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/1717 - 20/3445

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
21.01.2020



## Høring: dispensasjonssak til uttale gbnr 419/10 Risnes Frådeling av tun med naustetomt

**Tiltak:** Dispensasjon til frådeling av tun og naustetomt  
**Byggjestad:** Gbnr: 419/10  
**Tiltakshavar:** Thomas Risnes  
**Ansvarleg søkjar:**

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå kommuneplanen for Radøy kommune med omsyn til planføremål LNF og bygge –og deleforbod i 100-meters belte mot sjøen for å frådele gårdstun og naustetomt på gbnr 419/10 Risnes.

### Status i gjeldande planar

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål. Naustetomta ligg i 100-meters belte mot sjøen.



## VURDERING

Det er gjort vurderinga etter jordlova i saka 19/2162. Vedtaket ligg vedlagt her.



Om lag 1550 m<sup>2</sup> tomt i det gamle tunet på gbnr 19/10 med nausttomten på 75 m<sup>2</sup>. Tomt i tunet er merka med raud sterk og nausttomt med blå strek.

Landbrukssjefen si vurdering etter § 12 i jordlova : Søkjar kjøpte eigedomen gbnr 19/10 Risnes som tilleggsjord til eigen eigedom. Søkjar har berre interesse av jordbruksarealet og ikkje ein bygningsmasse med stort etterslep på vedlikehald. Det vil binde for mykje kapital sett i høve til lønnsmda i sauehaldet og såleis ikkje vere ein tenleg bruksstruktur. Delinga råkar ikkje dyrka eller dyrkbar jord. Såleis vil delinga vere ei driftsmessig god løysing for søkjar si gardsdrift.

Den omsøkte tomtten ligg på eit høgdedrag ovanfor slåttemarka som ligg nede i dalføret vestom den omsøkte tomtten. Drifta i området er sauehald. Det er ikkje pårekelege driftsulemper knytta til omsøkt deling.

Søkjar har alleiere godt naust og i tillegg ein nausttomt frå før. Difor treng ikkje søkjar ytterlegare naust. Søknaden er vedlagt brevet.

## Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing

Alver kommune

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon gbnr 419/10 Risnes

Delingssak Gbnr 419/10 Risnes - oppretting av ny grunneigedom for eksisterande våningshus og naust

Løye til deling - Frådeling av tunskipnad og naust på gbnr 1910 Risnes

**Kopi til:**

Thomas Risnes	Risnes 70	5937	BØVÅGEN
---------------	-----------	------	---------

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statens vegvesen region Vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Leikanger Kontorsted			
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN